

Helsedirektoratet har laga Rundskriv IS-10/2008 *Lov om pasientrettigheter kapittel 4 A* som gjev utfyllande informasjon om dei nye reglane. Rundskrivet finner du på nettsidene til Helsedirektoratet.

Meir informasjon:  
[www.helsedirektoratet.no](http://www.helsedirektoratet.no)

 Helsedirektoratet



 Helsedirektoratet

IS-1569 NN

DESIGN: TANK TRYKK: NRI ARKTRYKK

**Helsehjelp til  
pasientar utan  
samtykkekompetanse  
som motset seg  
helsehjelpa**

**Informasjon til pasientar og pårørnde**

## Den 1. januar 2009 kjem nye reglar i pasientrettslova kapittel 4 A til å gjelde.

Reglane gjev høve til å yte somatisk (fysisk) helsehjelp til pasientar som manglar samtykkekompetanse, og som motset seg helsehjelpa. Reglane omfattar pasientar med demens, psykisk utviklingshemming eller fysiske eller psykiske tilstandar som svekkjer samtykkekompetansen.

Reglane skal sikre denne pasientgruppa nødvendig helsehjelp. Reglane skal også førebyggje og setje grenser for bruk av tvang.

Helsepersonellet skal prøve å leggje til rette for at ein kan yte helsehjelpa utan at det blir nødvendig å bruke tvang. Dersom pasienten framleis set seg imot helsehjelpa, er det høve til å gje helsehjelp med tvang dersom forsøming kan føre til vesentleg helseskade, og helsehjelpa blir sedd på som nødvendig. Helsepersonellet må også vurdere om tiltaket står i rimeleg forhold til behovet for helsehjelpa.

Helsepersonell som er ansvarleg for helsehjelpa, gjer vedtaket om tvungen helsehjelp. Vedtak kan gjerast for inntil eitt år om gongen. Pasienten skal så snart som råd er, få melding om vedtaket.

## Dei pårørande si rolle

Nærmaste pårørande til pasientar som manglar samtykkekompetanse og set seg imot helsehjelpa, har visse rettar.

Nærmaste pårørande er den som pasienten sjølv gjev opp. Dersom pasienten er ute av stand til å gje opp nærmaste pårørande, kan nærmaste pårørande vere ektefelle, registrert partner, personar som lever i ekteskapsliknande eller partnerskapsliknande sambuarskap med pasienten, myndige barn, foreldre eller andre med foreldreansvaret, myndige sysken, besteforeldre, andre familiemedlemmer som står pasienten nær, eller verje eller hjelpeverje.

Før det blir gjort vedtak om tvungen helsehjelp, skal det der det er mogleg, hentast inn informasjon frå nærmaste pårørande til pasienten om kva pasienten ville ha ønskt.

Både pasienten og nærmaste pårørande har rett til nødvendig informasjon som gjer det mogleg å ha innsikt i helsetilstanden til pasienten og innhaldet i helsehjelpa, og til å vere med og velje mellom forsvarlege og tilgjengelege undersøkings- og behandlingsmetodar.

Dersom nærmaste pårørande er oppnemnd som verje eller hjelpeverje, skal vedkomande som utgangspunkt ha førehandsvarsel om at det vil bli gjort vedtak.

Når det er gjort vedtak om tvungen helsehjelp, skal nærmaste pårørande til pasienten få melding så snart som mogleg.

## Klage og domstolsprøving

Pasienten eller nærmaste pårørande til pasienten kan klage på vedtak om tvungen helsehjelp. Klagefristen er tre veker, men også klage som er sett fram etter at fristen har gått ut, kan takast opp til behandling. Klagen skal vere skriftleg og stilast til helsetilsynet i fylket, men skal sendast til den helsetenesta eller verksemda som har gjort vedtaket. Helsepersonell kan hjelpe til med å skrive ned klagen.

Vedtak i klagesak kan leggast fram for retten.